



18 - 3 - 1 Nord-Norge. Veien: Alta—Skaidi

# STATISTIKK FOR ARKIV, BIBLIOTEK OG MUSEUM 2002



**ABM-UTVIKLING**

POSTBOKS 8145 DEP  
N-0033 OSLO


TELEFON: 23 11 75 00  
TELEFAKS: 23 11 75 01

[post@abm-utvikling.no](mailto:post@abm-utvikling.no)  
[www.abm-utvikling.no](http://www.abm-utvikling.no)

Biletet på framsida viser eit postkort utlånt frå Nasjonalbibliotekets biletsamling. Kortet er utgjeve av Normanns kunstforlag ca 1950-60 og viser «Nord-Norge. Veien: Alta-Skaidi», Alta, Leirbotnvantn.

ISSN: 1503-5972  
ISBN 82-8105-002-0

Trykk: PDC Tangen As  
Utgjeven i 2003



# INNHALD

<b>Forord</b>	4
<b>Arkivstatistikk</b>	6
<b>Bibliotekstatistikk</b>	8
<b>Museumsstatistikk</b>	58

# FORORD

Statistikkinnhentinga og publiseringa er oppgåver som er overførde frå Riks- bibliotektenesta, Statens bibliotektilsyn og Norsk museumsutvikling ved opprettinga av ABM-utvikling 1. januar i år. Det føreligg ikkje nokon samla statistikk for arkivsektoren i Noreg, og det statistiske materialet i denne publikasjonen gjeld såleis berre museum og bibliotek. Etableringa av ein arkivstatistikk vil vere eit nybrottsarbeid som blir ei oppgåve i tida som kjem.

## *Bibliotek- og museumslandskapet*

Bibliotek- og museumslandskapet er stort og mangfaldig, og inneheld eit breitt spekter av institusjonar. Folkebiblioteka i dei store byane, universitetsbiblioteka og dei nasjonale musea kan ha nisifra driftsutgifter og fleire hundre tilsette, men ein finn og folkebibliotek med ei deltidsstilling, skulebibliotek med kan hende berre ein bibliotekartime i veka, og små museum som vert drivne på frivillig basis. Omlag 5 200 av desse institusjonane har levert bibliotek- og museumsstatistikk for 2002, og fleire av dei dekker fleire bibliotekavdelingar eller museum. Statistikken er såleis basert på innrapporteringa og innsatsen til mange bibliotek- og museumstilsette.

Rapporteringsprosenten varierer mellom dei ulike institusjonstypene, og ikkje alle institusjonane har levert statistikk. I nokre tilfelle er det og slik at institusjonar ikkje har levert data på alle områda. For å gje eit inntrykk av kva for storleikar det dreier seg om, kan det


likevel være nyttig å sjå på nokre samla tal. I institusjonane som har levert statistikk, blei det utført ca. 7 500 løna årsverk. Ein finn og innslag av frivillig uløna arbeid i nokre av institusjonane. I museumsstatistikken blir det frivillige arbeidet registrert, og i dei 505 musea som har levert statistikk, kjem det såleis 245 årsverk i tillegg. Om vi ser bort frå dei 3 500 skulebiblioteka som har levert statistikk, viser statistikken at biblioteka og musea hadde over fire milliardar kr i brutto driftsutgifter, og at 2,2 milliardar av desse midlane var løn. Desse institusjonane kunne og vise til nesten 38 millionar besøk. Dette viser at biblioteka og musea blir brukte, men det fortel oss ikkje kven som bruker tilbodet. Er det nokre få ihuga museumsvandrarar og bibliotekentusiastar? Her kan Statistisk sentralbyrås kulturstatistikk for 2001 fylla ut biletet. I følge denne brukte om lag 52 prosent av Noregs befolkning folkebiblioteket i løpet av eit år, 46 prosent av mennene og 59 prosent av kvinnene. Dei yngste brukte tilbodet aller mest, 76 prosent i alderen 13–15, medan berre 35 prosent i aldersgruppa 67–79 år brukte tilbodet. 11 prosent av befolkninga hadde vore på eit fag-, universitetsbibliotek eller bedriftsbibliotek det siste året, medan 20 prosent hadde vore på eit allmennskolebibliotek. 45 prosent av befolkninga hadde vore innom eit museum, 46 prosent av mennene og 44 prosent av kvinnene. Som for folkebiblioteka var dei yngste mest aktive. 53 prosent i aldersgruppa 9–15 hadde vore innom eit museum dei

siste 12 månadane, medan det tilsvarande talet for aldersgruppa 67–79 berre var på 35 prosent

## *Vegen vidare*

Det blir brukt store ressursar for at bibliotek og museum skal kunne levere tenester som blir mykje brukt, og som blir brukt av mange. Bibliotek og museum er viktige samfunnsinstitusjonar, og nyttar store ressursar i arbeidet med å fylle sine samfunnsroller. Dette gjer bibliotek- og museumsstatistikken viktig. Ein treng data som kan seie noko om korleis stoda er, og i kva retning utviklinga går. Statistikken er naudsynt for planlegging på lokalt, regionalt og statleg nivå, han kan nyttast i institusjonane sitt arbeid med å utvikle gode tenester, og han gir eit grunnlag for forskning og for den offentlege diskusjonen om desse institusjonane og tenestene dei leverer.

For at statistikken skal fylla desse funksjonane, må datakvaliteten vere høg, statistikken må vere relevant, og han må gjerast tilgjengeleg på vis som gjer det enkelt å bruke han. Det er og viktig å gjere dette så rasjonelt som mogleg for alle involverte. Som ansvarleg for å innhente og publisere statistikken, står ABM-utvikling såleis framfor fleire utfordringar. Vi vil i tida som kjem vidareutvikle statistikken, mellom anna ved å samordne dei ulike sektorane sine statistikkar, og lette arbeidet med dei. Som eit ledd i dette arbeidet har vi og starta eit prosjekt for å gjennomgå innhaldet i statistikken og løysingane for



innhenting, datahandsaming og publisering.

Når det gjeld innhentinga, datahandsaminga og publiseringa av statistikken, så har dette vore gjort på ulikt vis. Statens bibliotektilsyn tok i bruk elektronisk innsamling av data for folke- og skulebibliotekstatistikken for 2000. Resten av statistikken blir framleis samla inn ved hjelp av papirskjema. Erfaringane med elektronisk innsamling viser at ein sparer mykje ressursar, og at nesten ingen institusjonar har problem med å levere data på dette viset. Arbeidet med å utvikle ei løysing for elektronisk innsamling av all statistikk ved ABM-utvikling er derfor starta. Tabellane i denne publikasjonen er lagt til rette av ABM-utvikling, og tala er organiserte etter beste evne for å gi så god informasjon om sektorane som mogleg. Mange vil likevel ha andre behov for statistikk enn denne publikasjonen dekkjer. Vi vil derfor satse på å presentere data på ein brukarstyrt måte, og i eit format som gjer at brukarane sjølve kan analysere dei. For å oppnå dette tek vi sikte på å utvikle eit nytt internettbasert system for rapportering, datahandsaming og publisering av statistikk, og vonar at innhentinga av statistikken for 2004 vil kunne skje ved hjelp av dette systemet.

Ein viktig skilnad mellom bibliotek- og museumsstatistikken er tilhøvet til lovverket. Folke- og skulebibliotekstatistikken har heimel i biblioteklova, og alle biblioteka som leverer statistikk på desse områda er såleis pålagde å gjere

det. Her er det og ei forskrift som regulerer statistikkarbeidet. I tillegg finst det ei lov om bibliotekvederlag. Denne lova har og konsekvensar for fag- og forskingsbibliotekstatistikken, som ikkje er regulert av eige lovverk. Lov om bibliotekvederlag gjeld alle offentlege bibliotek i landet, og er grunnlaget for avtaler mellom Kultur- og kyrkjedepartementet og organisasjonane til opphavsmenn og -kvinner som skal ha vederlag for utlån av verk. Dette vederlaget blir basert på bibliotekstatistikken som ABM-utvikling samlar inn. Når det gjeld musea, finst det ikkje noko lovgrunnlag for innhentinga av statistikk. Museum som får tilskot frå staten, blir pålagde å levere statistikk i tildelingsbrev. For andre museum byggjer innhentinga av data på ein frivillig avtale mellom musea og ABM-utvikling. Slike tilhøve påverkar innsamlinga av statistikken, men får og konsekvensar for korleis statistikken blir presentert i denne publikasjonen. Til dømes kunne det vore interessant å sjå tal for ein skilde museum, som for biblioteka, men avtalen mellom ABM-utvikling og musea gjer ikkje dette mogleg når det gjeld statistikken for 2002. Ein skal likevel ikkje overdrive skilnadene mellom dei ulike institusjonstypene. På ein del felt vil det vere interessant å sjå alle desse institusjonane samla, eller å samanlikne på tvers av institusjonstypar. ABM-utvikling har eit omfattande arbeid å gjere på statistikkområdet, ikkje minst for å få samanliknbare tal for dei tre sektorane.

Denne publiseringa av bibliotek- og museumsstatistikk er det første teiknet på at dette arbeidet har teke til, ikkje på at arbeidet er ført til endes.

Publikasjonen femner ikkje alle data som er rapporterte. På nokre område kan ein finne fleire og meir detaljerte data på våre heimesider, og Statistisk sentralbyrå har og publisert tal frå desse statistikkane. Denne publikasjonen gir likevel ein samla oversikt som vi vonar vil vere til nytte for alle som er interesserte i bibliotek- og museumslandskapet.

Statistikken er avhengig av innsatsen til mange bibliotek- og museumstilsette, og vi vil rette ei stor takk til dei for arbeidet som blir gjort i samband med statistikkrapporteringa.

Jon Birger Østby, DIREKTØR  
Erlend Ra, RÅDGJEVAR  
Karen Marie Ellefsen, SENIORRÅDGJEVAR  
Thor Arne Landsverk, SENIORINGENIØR

# ARKIVSTATISTIKK

## STATISTIKKEN SOM MANGLAR


Det finst ingen statistikk for den norske arkivsektoren. Det statlege Arkivverket har rett nok i ei årrekkje publisert årlege statistiske opplysningar om si verksemd, dels i tidsskriftet Nordisk Arkivnyt og dels i sine eigne årsmeldingar, men for dei andre arkivinstitusjonane har det ikkje blitt utarbeida nokon felles statistikk. Nokre av desse arkiva kan likevel ha laga statistiske oversyn over eiga verksemd slik som Arkivverket, men det har ikkje blitt gjort noko for å samle og samanstill statistisk materiale om verksemda til norske arkiv.

Midt på 1990-talet tok dåverande leiar i Landslaget for lokal- og privatarkiv (LLP), Bjørn Bering, eit initiativ overfor Riksarkivaren for å få i gang arbeidet med å utvikle ein arkivstatistikk. Bakgrunnen var at arkivinstitusjonane som høyrde til LLP – hovudsakleg byarkiva, fylkesarkiva og dei interkommunale arkiva – følte eit sterkt behov for å synleggjere si verksemd for samfunnet, og såg statistikk som ein god reiskap til dette formålet. Det vart utarbeida eit notat om kva opplysningar ein arkivstatistikk burde omfatte og korleis den kunne samlast inn. Spørsmålet vart diskutert på eit møte der Arkivverket, LLP og Norsk museumsutvikling deltok. Når dette forsøket ikkje førte fram, var nok hovudgrunnen at prosessen med å velje ut kriterier for statistikken, m.a. kva slags institusjonar den skulle omfatte og kva slags opplysningar som skulle samlast inn, syntest for omfattande til at nokon av aktørane var viljug til å ta dette arbeidet.

Med utgangspunkt i notatet som var utarbeida, gjennomførte LLP i åra 1997-98 ei kartlegging av verksemda til medlemsinstitusjonane. Det vart samla inn opplysningar om arkivbestand, tilgjengeleggjering, formidling og ressursar frå eit hundretals institusjonar, hovudsakleg arkiv og museum. Kartlegginga dokumenterte stor aktivitet i arkivsektoren utanfor Arkivverket, men på grunn av visse metodiske veikskapar ved innsamlingsarbeidet og små ressursar til å analysere og samanstill innsamla data, valde LLP å ikkje publisere nokon rapport om undersøkinga. Utvalde delar av den, m.a. oversyn over total arkivbestand, fordeling mellom kommunale og private arkiv og fordeling mellom ordna og uordna materiale vart likevel gjort tilgjengeleg på LLPs nettsider.

LLPs medlemskartlegging synleggjorde nokre av dei spørsmåla som må avklarast før ein kan utarbeide ein påliteleg arkivstatistikk. Desse gjeld dels institusjonsgrunnlaget for statistikken, dels kva opplysningar den skal omfatte.

Eit spørsmål er kva slags institusjonar ein arkivstatistikk skal omfatte. Skal den berre dekkje dei «eigentlege» arkivinstitusjonane, dei som har arkivbevaring og -formidling som primær oppgåve, eller skal den også ta med museum, bibliotek og andre institusjonar som meir eller mindre tilfeldig tar vare på arkiv? Eit anna spørsmål er korleis ein skal avgrense omgrepet «arkivinstitusjon»? Skal eit lokalhistorisk arkiv utan fast tilsette reknast som



arkivinstitusjon? Har ein kommune etablert eit kommunearkiv, dersom den oppbevarer sitt ordna og katalogiserte eldre arkiv og lar (den daglege) arkivtenesta ekspedere tilfeldige forespørslar om bruk?

For å svare på desse spørsmåla må vi ta stilling til om vi ønskjer ein statistikk over verksemda til arkivinstitusjonane spesielt eller over arbeidet med bevaring og formidling av arkiv generelt, og om vi ønskjer å stille krav til fagleg standard for den aktiviteten som skal målast. Vi må difor sjå dette i samanheng med formålet til ein arkivstatistikk.

Ein statistikk bør kunne nyttast til løpande evaluering av den verksemda som blir målt, og som grunnlag for strategisk planlegging, saksbehandling, vedtak og iverksetjing av målretta tiltak på ulike forvaltningsnivå. Ein arkivstatistikk bør difor gi oss opplysningar om korleis bevarte arkiv dokumenterer samfunnet, om institusjonane sitt arbeid med innsamling, dokumentasjon og tilgjengeleggjing av arkiva, og om institusjonane sine ressursar. Med eit slikt utgangspunkt vil det neppe vere tilstrekkeleg at statistikken avgrensar seg til å gi opplysningar om t.d. omfanget bevarte statlege, kommunale og private arkiv; den må også seie noko om korleis privatarkivbestanden fordeler seg topografisk og på ulike næringer. Eit anna spørsmål er kva kategoriar og definisjonar ein skal bruke for å måle bruk av arkiva: Er til dømes tilgjengeleggjing av arkiv på ein lesesal å rekne som for-

midling, eller skal ein stille strengare krav for å kunne bruke dette omgrepet? Tilsvarande spørsmål kan stillast når ein skal kategorisere tilgjengeleggjing av arkivkjelder på Internett. Ein anna spørsmål er korleis ein skal måle bruk av arkivmateriale: Lesesalbesøk kan i utgangspunktet verke som ein grei kategori, men bak desse kan det liggje ulike arbeidsmengder til framfinning av materialet som blir brukt. Vil det vere tenleg å måle slikt arbeid i ein statistikk?

Ei avklaring av desse spørsmåla er nødvendig før ein kan starte arbeidet med ein arkivstatistikk. Før vi kan gjere dette, treng vi meir kunnskap om arkivlandskapet. Vi treng kunnskap om kva institusjonar som arbeider med bevaring og formidling av arkiv, om kva oppgåver desse institusjonane har stilt seg, og om det materialet dei oppbevarer.

ABM-utvikling vil i løpet av 2003-04 gjennomføre ei omfattande kartlegging av bevarings- og formidlingssituasjonen for lokalt og regionalt kjeldemateriale. Som eit ledd i kartlegginga vil det og bli registrert detaljerte opplysningar om dei institusjonane som oppbevarer og formidlar arkiv. Formålet med denne kartlegginga er å utarbeide ein statusrapport om situasjonen i arkivlandskapet, men den vil samstundes gi oss den kunnskapen som vi treng for å kunne utvikle ein god og tenleg arkivstatistikk.

*Gudmund Valderhaug  
Avdelingsdirektør ABM-utvikling*



# BIBLIOTEKSTATISTIKK

## Folkebibliotek

Det er små endringar i datainnsamlinga og tabellane i forhold til statistikken for 2002. Vi gjer likevel merksam på at vi frå og med statistikken for 2002 reknar gruppa innbyggjarar som var til og med 14 år gamle 1. januar 2002, som barn. I 2001 inneheldt gruppa innbyggjarar opp til og med 12 år. Ein kan derfor ikkje utan vidare samanlikne tal som gjeld per barn eller per vaksen med dei tilsvarende tala i Statens bibliotektilsyn sin publikasjon "Bibliotek 2002 – med bibliotekstatistikken 2001". I alle samanlikningar mellom 2001 og 2002 per barn og per vaksen i tabellane i årets publikasjon er sjølvsagt same definisjon lagt til grunn for begge åra. Siden statistikken for 2001 er kommunane Våle og Ramnes i Vestfold slegne saman til Re kommune, og Ølen kommune har flytt fylkestilhørighet frå Hordaland til Rogaland.

Med unntak for Tønsberg og Nøtterøy, som har felles bibliotek, har alle kommunane i landet eige hovudbibliotek. Medrekna dei 434 hovudbiblioteka er det til saman 951 faste bibliotekavdelingar i landet. Dei mobile einingane kjem i tillegg. Dette er ein nedgang på 23 i forhold til 2001. Trenden med nedlegging av filialar har vore stabil over fleire år, og i løpet av dei siste ti åra har det blitt lagt ned 233 filialar.

64 prosent av landets kommunar har fagutdanna biblioteksjef. Totalt arbeider det 1068 fagutdanna bibliotekarar i norske folkebibliotek, og dei står for 917 av 1882 årsverk.

## Opningstid

Til saman 260 folkebibliotek heldt ope på laurdagar i 2002, av desse var 199 hovudbibliotek. Dette er ein nedgang i forhold til 2001, då 265 bibliotek hadde laurdagsope. I 2002 heldt tre hovudbibliotek og tre filialar ope på søndagar.

Frå 1999 til 2001 var det ein auke i opningstidene frå 24,3 til 25,2 per veke per hovudbibliotek, og frå 15,6 til 17,2 timar per veke per avdeling (hovudbiblioteka inkludert). Auken i opningstider kompenserte for nedgangen i talet på avdelingar, og det totale talet på opningstimar ved folkebiblioteka i landet var dermed stabilt. Frå 2001 til 2002 har talet på opningstimar per veke per hovudbibliotek auka til 25,4. Samla for alle bibliotekavdelingane (hovudbiblioteka inkludert) har likevel opningstida per avdeling gått ned til 16,9. Kombinert med nedgangen i talet på bibliotekavdelingar inneber dette ein nedgang i det totale talet på opningstimar per veke på 4,2 prosent.

## Økonomi

Dei totale driftsutgiftene ved folkebiblioteka auka med 20 millionar 2002-kroner frå 2001 til 2002. Det er likevel problematisk å samanlikne dei totale driftsutgiftene frå år til år og mellom kommunar. Kva utgifter kommunane tek med i biblioteket sin rekneskap kan variere frå eit år til eit anna og mellom kommunar. Dette gjeld særleg husleige, som berre 212 bibliotek (49 prosent) leverte tal for. Husleigekostnader og tala

for totale driftsutgifter blir derfor for låge. Utgifter til løn auka med nærare 22 millionar, og talet på årsverk auka med 0,6 prosent. Utgiftene til medium gjekk ned med 2,5 millionar kroner frå 2001. Dette gir eit gjennomsnitt per innbyggjar i 2002 på 29,91 mot 30,61 i 2001. Her ser vi store skilnader i høve til kommunestorleik og mellom fylka. Særleg gruppa av kommunar med mindre enn 1000 innbyggjarar skil seg ut. Desse har medieutgifter på 107 kr per innbyggjar. Til samanlikning har dei største kommunane medieutgifter på 24 kr per innbyggjar. For at dei minste kommunane skal kunne ha ei oppdatert mediesamling med eit forsvarleg utval, blir mediutgiftene per innbyggjar fort høge. Ei fordeling av medieutgiftene på bøker, tidsskrift, aviser og andre medium er problematisk ettersom berre 215 bibliotek har levert eigne tal for dette. For biblioteka som rapporterte tal for kjøp av andre medium, var utgiftene til kjøp av andre medium på 13 prosent av dei totale medieutgiftene. Når det gjeld medieutgifter, er det og viktig å vere merksam på Kulturrådet sine innkjøpsordningar for litteratur. Desse bøkene går hovudsakeleg til bibliotek og skular, og utgiftene til desse kjem i tillegg til biblioteka sine eigne medieutgifter. Om ein ser Kulturrådet og folkebiblioteka sine utgifter samla, utgjør verdien av dei kulturfondbøkene som går til folkebibliotek, om lag ein fjerdedel av utgiftene. Tilveksten av bøker viser ein auke på 1,6 prosent frå 2001, medan bestanden av



andre medium har auka med 7 prosent. Den totale tilveksten for alle medium viser ein auke på 2,4 prosent.

#### Besøk

Med 5,1 besøk per innbyggjar for 2002 viste besøkstala ein svak auke frå 2001. Det er likevel store geografiske variasjonar. Etter ein kraftig nedgang i besøkstala for Vest-Agder frå 2000 til 2001, var Vest-Agder fylket med den største auken i besøk per innbyggjar frå 2001 til 2002, ein auke på 12,4 prosent. Nord-Trøndelag er fylket som har hatt den største nedgangen i besøk per innbyggjar, med ein nedgang på 9,5 prosent. Med unntak for gruppa av kommunar med under 1000 innbyggjarar, som hadde 6 besøk per innbyggjar, aukar besøkstala per innbyggjar med kommunestorleiken.

I perioden 1993-2002 auka tala på besøk frå 4,5 til 5,1 per innbyggjar, ein auke på nesten 14 prosent. Auken i utlån per innbyggjar i den same perioden er på 5,1 prosent. Dette indikerer at andre tenester enn utlån blir stadig viktigare for brukarane av biblioteka. Ei slik teneste er Internett-tilbodet ved folkebiblioteka. I 2002 gav 98 prosent av folkebiblioteka brukarane tilgang til Internett ved minst ei av avdelingane sine.

#### Utlån

Etter ein svak nedgang i utlån per innbyggjar frå 2000 til 2001, har utlån per innbyggjar auka frå 5,21 i 2001 til 5,30 i 2002. Det totale bokutlånet viser ein svak auke, men auken er ikkje tilstrekkeleg til

å kompensere for befolkningsauken, og bokutlån per innbyggjar viser ein svak nedgang på 0,3 prosent. Barnebokutlånet er på 41 prosent av det totale bokutlånet. Utlånet av fagbøker for barn har auka med 3 prosent, medan utlån av skjønnlitteratur for barn har hatt ein auke på 0,2 prosent. Når det gjeld vaksenlitteratur, viser utlånet av faglitteratur ein tilbakegang på 0,6 prosent, medan utlånet av skjønnlitteratur held seg.

I motsetnad til utlånet av papirbasert litteratur, aukar utlånet av lydbøker. Frå 2001 til 2002 var auken på 9,6 prosent. Viss vi ser utlånstala for papirbasert litteratur og lydbøker samla, viser dei ein auke på 0,8 prosent, noko som gir ein auke i utlån per innbyggjar på 0,3 prosent. Det samla utlånet av andre medium enn papirbaserte bøker og tidsskrift har auka med 9 prosent og utgjør no meir enn ein fjerdedel av det totale utlånet. Utlånet av musikk og lydbøker auka mest, med 12 og 9,6 prosent. Videoutlånet auka med 7,8 prosent, og sto for nesten halvparten av utlånet av andre medium enn bøker.

#### Fylkesbibliotek

Fylkesbibliotekas brutto driftsutgifter har gått opp frå 102,8 til 104 millionar kroner, det utgjør ein auke på 1,2 prosent. Utgiftene til løn har auka med 6,5 prosent, og var på 56 prosent av brutto driftsutgifter. Auken førte og til at det blei utført seks fleire årsverk ved fylkesbiblioteka i 2002 enn i 2001. Dette gir 175,8 årsverk i 2002, og over dei siste ti åra har det dermed blitt 17 fleire årsverk ved

## Utlån per innbyggjar

### Ti på topp

Utsira	Rogaland	31,40
Modalen	Hordaland	21,10
Bykle	Aust-Agder	13,74
Os	Hedmark	12,45
Tydal	Sør-Trøndelag	12,20
Tolga	Hedmark	11,61
Lund	Rogaland	11,56
Høyanger	Sogn og Fjordane	11,23
Bokn	Rogaland	11,18
Sokndal	Rogaland	11,14

### Ti på botn

Gjerdrum	Akershus	1,07
Tranøy	Troms	1,10
Hurum	Buskerud	1,20
Skodje	Møre og Romsdal	1,39
Verran	Nord-Trøndelag	1,44
Giske	Møre og Romsdal	1,50
Vindafjord	Rogaland	1,70
Lindesnes	Vest-Agder	1,79
Skånland	Troms	1,84
Balsfjord	Troms	1,90

## Medieutgifter per innbyggjar


### Ti på topp

Modalen	Hordaland	336,94
Utsira	Rogaland	263,09
Bykle	Aust-Agder	180,10
Rømskog	Østfold	147,95
Tydal	Sør-Trøndelag	145,92
Kvitsøy	Rogaland	129,28
Åseral	Vest-Agder	128,60
Forsand	Rogaland	126,72
Suldal	Rogaland	113,96
Valle	Aust-Agder	108,0


### Ti på botn

Vågsøy	Sogn og Fjordane	8,79
Hurum	Buskerud	10,12
Eidskog	Hedmark	11,67
Tranøy	Troms	12,95
Skedsmo	Akershus	13,27
Nome	Telemark	13,54
Agdenes	Sør-Trøndelag	13,59
Volda	Møre og Romsdal	14,41
Skodje	Møre og Romsdal	14,55
Hareid	Møre og Romsdal	14,85


Folkebibliotekavdelingar




Folkebibliotek: Besøk per innbyggjar



Folkebibliotek: Utlån i tusen



Folkebibliotek: Utlån andre medium enn bøker i tusen



fylkesbiblioteka. Utgiftene til medium gjekk ned med 9,8 prosent, og er på 10,8 prosent av brutto driftsutgifter. Mediebestanden ved fylkesbiblioteka hadde ein vekst på 1,4 prosent, og 90 prosent av mediebestanden var bøker.

Fylkesbibliotekas samla utlån har auka med 1,9 prosent frå 2001 til 2002. Fjernlånet har hatt ein svak nedgang, medan det direkte utlånet har auka med 2,7 prosent. Talet på fjernlånstingingar har gått ned med 0,7 prosent frå 2001 til 2002. Hovudtyngda av fjernlånstingingar kjem frå eige fylke, og desse tingingane har gått ned med 2,7 prosent, medan det har vore ein auke i tingingar frå andre fylke på 6,7 prosent. Det er skilnader mellom fylka, og frå 2001 varierer endringane i mottekne fjernlånstingingar frå ein auke på 22,6 prosent til ein nedgang på 18,8 prosent. I løpet av dei siste fem åra har mottekne fjernlånstingingar gått ned med 29,4 prosent på landsbasis. Folkebibliotekas innlån auka med 3,6 prosent frå 2001 til 2002, og i løpet av dei siste fem åra har innlånet auka med 6,6 prosent, noko som indikerer at ein i stadig større grad tingar direkte frå biblioteket som har mediet.

#### Mobil bibliotekteneste

Ved utgangen av 2002 var det 35 mobile einingar i landet. Bokbåten som går i Hordaland, Sogn og Fjordane og Møre og Romsdal, blir telt som tre einingar, fordi både personale og medium blir bytta ut for kvart av fylka. Kristiansand kommune leiger Vest-Agder fylkesbiblioteks bokbuss ein dag i veka og driv sjølv bokbussen denne dagen. Bussen er derfor telt som to einingar. To av bokbussane har eit samarbeid med kommunar i Sverige og/eller Finland. Det har vore ein nedgang i talet på mobile bibliotekteiningar kvart år sidan 1995, då det var 55 mobile einingar i landet.

Det totale registrerte utlånet for 2002 var 761 000, mot 831 000 for 2001. I realiteten er nedgangen større enn desse tala viser, då ikkje alle dei mobile einingane leverte utlånstala for 2001.

#### Bibliotek i vidaregåande skule

Utgiftene til medium per elev har gått ned med 5,2 prosent frå 2001 til 2002. Tilveksten av bøker har gått ned frå 1,07 til 0,96 per elev, og også talet på tidsskrifts- og avisabonnement har gått ned. Mediebestanden har derimot stige frå 2001 til 2002. No er det 15,26 bøker per elev i skulebiblioteka i Noreg. Samla for alle medium er talet 19,00.

Utlånstala viser ein auke både for bøker og AV-medium, men det er store variasjonar mellom fylka. Seks fylke

hadde ein auke i utlånet per elev, eitt låg på same nivå som i 2001, og dei andre viste ein nedgang.

89 prosent av skulebiblioteka har internettmaskiner til bruk for elevane. Av dei 659 som arbeidde i skulebiblioteka var 239 fagutdanna bibliotekarar, og desse sto for 54 prosent av årsverka. Dette gir 17,59 bibliotekartimar per skule per veke, mot 17,17 i 2001.

#### Bibliotek i grunnskulen

På grunn av variasjonar i innrapporteringa frå skulane kan det være vanskeleg å samanlikne statistikken frå år til år. 94 prosent av skulane rapporterte statistikk for 2002, medan ca. 90 prosent av skulane leverte statistikk for 2001. Det er og fylkesvise variasjonar når det gjeld kor mange av skulane som har levert statistikk. I tillegg til at det er variasjonar i datagrunnlaget, kan statistikken som er levert frå skulane vere mangelfull. Ein bør ha dette i tankane når ein nyttar tala. Når vi ser på tala per elev og per skule, har tilveksten av bøker og bokutlånet gått ned med høvesvis 7,9 og 5,5 prosent. Fordelinga mellom fag- og skjønnlitteratur har endra seg lite. Det er store fylkesvise variasjonar i utlån per elev, frå 5,2 i Sør-Trøndelag og Nordland til 12,8 i Vest-Agder.





#### Fengselsbibliotek

Bibliotektenesta til innsette i norske fengsel blir ytt av lokale bibliotek og finansiert med statlege middel. Ordninga femner 13 avdelingar i 12 ulike institusjonar. Det er og fengselsbibliotek som ikkje er finansierte med statlege midlar. I statistikken for 2002 er det med tre slike fengselsbibliotek.


Fengselsbiblioteka som er med i statistikken, har 1582 soningsplassar, og hadde eit samla utlån på 136 630. Utlånet per innsett var såleis 86,4, ein nedgang på 3,2 prosent frå 2001. Ringerike fengsel var ikkje med i statistikken for 2001, og om vi samanliknar tala for fengselsbiblioteka som leverte statistikk begge åra, er det ein auke i utlånet per innsett på 3,2 prosent. Utlånet per innsett er såleis 16 gonger så høgt som utlånet per innbyggjar i folkebiblioteka.

#### Fag- og forskingsbibliotek


I 2002 blei det utført over 3,9 millionar lån i dei norske fag- og forskingsbiblioteka. Av dette var omlag 575 000 fjernlån og nesten 3,4 millionar lokale lån. Bestanden er no på nærmare 19 millionar bind, med ein tilvekst i 2002 på nesten 530 000 bind. Dei 339 einingane hadde 1866 tilsette som til saman utførte 1576 årsverk. Dei totale utgiftene steig i fjor til 1 milliard kroner.




Fag- og forskningsbibliotek: Totalt utlån i tusen




Fag- og forskningsbibliotek: Tal på bind i tusen



Fag- og forskningsbibliotek: Løpande periodikatitlar i tusen



Fag- og forskningsbibliotek: Samla utlån og nedlastingar av elektroniske dokument



Lønnskostnadane utgjer no 497 millionar og det blei brukt 264 millionar kroner på innkjøp av materiale til samlingane.

Det blei sendt ut statistikk skjema til 357 bibliotekeiningar. 339 har levert, altså ein svarprosent på 95 prosent. Alle biblioteka som har levert statistikk, er tatt med i tabellane. Desse kan ein og finne på ABM-utviklings heimeside. Statistisk sentralbyrå har kvalitetssikra alle dei innsamla data.

#### Bestanden av bøker og tidskrift

Den samla bestanden målt i tal på bind utgjer pr. 1.1.2003 19 millionar bind og har auka med 25 prosent frå 1993. Tilveksten har variert ein del dei siste åra, i 2002 låg han på ca. 530 000 bind. Totalt har det vore ein tilvekst på 5,5 millionar bind sidan 1993. Kassasjonen har i den same perioden vore på 1,76 millionar bind. Tal på løpande periodikatitlar har variert ein del i perioden 1993 til 2003. Ser ein på tala frå 1993 har veksten berre vore på 4 prosent. Det er naturleg at talet på trykte titlar har gått nedover dei siste åra, då det i dag er mogleg å få dei aller fleste titlane i elektronisk form. I statistikken for 2002 blei det for første gong prøvd å samle inn tal på elektroniske titlar som dei norske fagbiblioteka har tilgjenge til, summen som ble oppgitt var på over 57 000.

#### Bli samlingane brukte?

Utlånsveksten frå 1993 til 2002 er på 48 prosent. Det totale utlånet dekkjer lokale lån, kopiar som erstatning for lån og fjernlån.

Sidan 1993 har talet på elektroniske ressursar auka kraftig, og ein kan sjå at utlånet av dei fysiske samlingane har flata ut på landsbasis, og dette vil nok fortsette. Dei elektroniske kjeldene blir stadig viktigare for brukarane, og ein registrerer at bruken stadig aukar. Årsaka til nedgangen i nedlastingar av elektroniske dokument frå 2001 til 2002 er at fleire av biblioteka ikkje har rapportert inn tal for 2002. Innlånet dei siste åra har vist ein klar fallande trend. I 1998 var innlånet på 393 000 medan det i fjor var gått ned til 306 000. Dette er ein nedgang på 22 prosent. I perioden 1998-2002 har Nasjonalbiblioteket hatt ein nedgang på 36 prosent, Universitetsbiblioteka har redusert innlånet med 37 prosent og dei offentlege spesialbiblioteka med 20 prosent. Dei statlege høgskulane har redusert innlånet med 4,4 prosent, medan dei andre høgskulane har auka med 34 prosent.

Fjernlånet har sidan 1998 auka med litt over 9 prosent på landsbasis. Den største auken har dei statlege høgskul-

lane som har meir enn fordobla (130 prosent) fjernlånet sitt i denne perioden. Dei andre høgskulane har ein auke på 41 prosent. Universiteta auka med ca. 7,5 prosent. Nasjonalbiblioteket har ein nedgang på 27 prosent. Dei andre biblioteka har ein nedgang i den same perioden. Tal på lokale lån per student/tilsett har halde seg relativt jamt på landsbasis, og variert mellom 10,5 og 11,5 i perioden 1998 til 2002.

#### Personalet

I perioden 1993–2002 har talet på årsverk i fag- og forskingsbiblioteka auka med nesten 19 prosent. Dersom ein samanliknar tala for 1995 med tala for 2002 vil ein sjå at talet på tilsette i Nasjonalbiblioteket har auka med 75,5 prosent i perioden, Universitetsbiblioteka har auka med 15 prosent, statlege høgskulebibliotek har auka med 35 prosent, andre høgskulebibliotek har auka med 30 prosent, vitenskaplege høgskulebibliotek har gått ned med nesten 2 prosent, offentlege spesialbibliotek har ein nedgang på 0,6 prosent og private spesialbibliotek har auka med 15 prosent.





#### Økonomi

På økonomisida har det rapporterte talmaterialet vore av varierende kvalitet. Det er ein del bibliotek som ikkje får ut data frå moderinstitusjonane sine medan andre får ut litt talmateriale. Dette skapar problem i tolkinga av resultatane. Akkvisjonsutgiftene har auka med 192 prosent frå 1988 til 2002, og ser ein på perioden 1995 til 2002, har akkvisjonsutgiftene, som nesten alle biblioteka har rapportert, auka med 63 prosent. Over 60 prosent av biblioteka har rapportert løn og sosiale kostnader i perioden frå 1995. Det rapporterte talmaterialet tyder på ein auke i utgiftene på ca. 111 prosent.

#### Nokre indikatorar på produktivitet

Samanliknar ein den prosentvise auken i utlån og auken i tal på årsverk, gir dette ein indikasjon på produktivitetstilværinga frå 1988 til 2002. Bruken av samlingane finn ein ved å samanlikne auken av totalt utlån med den prosentvise utviklinga for tal på bind og brutto tilvekst.

Fag- og forskingsbiblioteka sine samlingar blir brukte meir enn før, men tilveksten aukar ikkje i same takt som utlånet, noko som medfører større slitasje på samlingane. Dette betyr at brukarane har stor nytte av samlingane som finst, og at den gjennomsnittlege prisen per utlån blir halden nede på tross av veksten i akkvisjonsutgifter og personal-kostnader.





**Tabell 1. Folkebibliotek 2002 – landsstatistikk etter kommunestørrelse**

Storleik på verkeområdet	Tal på bibliotek	Tal på avd. <sup>3</sup>	Tal på avd. pr. bibliotek <sup>2</sup>	Innbyggjartal	Personale			Opningstid hovudbibliotek			Opningstid alle avd. <sup>3</sup>		
					Biblioteksjef heiltids-ansatte	Biblioteksjef med fagutd.	Del deltids-ansatte	Timar totalt pr. bibliotek	Timar etter 17 pr. bibliotek	Del laurdags-ope	Timar totalt pr. avd.	Timar etter 17 pr. avd.	Del laurdags-ope
> 100 000 innb.	5	43	8,6	1 108 495	100 %	80 %	40 %	54,1	11,2	100 %	32,4	4,9	77 %
50-100 000 innb.	6	26	4,3	368 920	100 %	100 %	40 %	47,0	8,7	100 %	25,6	4,1	35 %
30-50 000 innb.	13	47	3,6	522 734	100 %	92 %	38 %	48,3	9,8	100 %	27,5	5,2	47 %
20-30 000 innb.	19	40	2,1	464 788	100 %	100 %	41 %	41,7	6,6	100 %	26,4	4,6	50 %
15-20 000 innb.	18	31	1,7	317 931	100 %	94 %	48 %	39,0	5,7	100 %	28,6	4,7	61 %
10-15 000 innb.	38	98	2,6	481 084	97 %	100 %	63 %	35,6	6,0	74 %	19,7	3,8	34 %
7 500-10 000 innb.	32	75	2,3	281 622	94 %	97 %	58 %	29,6	5,3	72 %	16,4	3,9	37 %
5-7 500 innb.	59	125	2,1	365 819	69 %	83 %	74 %	28,0	5,0	56 %	16,8	3,6	27 %
3-5 000 innb.	84	189	2,3	331 408	58 %	62 %	79 %	23,2	4,6	40 %	13,3	3,2	21 %
2-3 000 innb.	63	130	2,1	157 557	32 %	40 %	84 %	16,6	3,8	19 %	10,7	2,7	12 %
1-2 000 innb.	74	120	1,6	108 081	16 %	30 %	92 %	14,0	3,8	7 %	10,4	3,2	4 %
<1 000 innb.	23	27	1,2	15 627	13 %	9 %	92 %	14,9	2,9	13 %	13,4	2,7	11 %
<b>Noreg</b>	<b>435*</b>	<b>951</b>	<b>2,2</b>	<b>4 524 066</b>	<b>58 %</b>	<b>64 %</b>	<b>57 %</b>	<b>25,4</b>	<b>4,9</b>	<b>46 %</b>	<b>16,9</b>	<b>3,6</b>	<b>27 %</b>

\* Inkl. Svalbard

<sup>1</sup> Størrelsen på verkeområdet svarar til kommunestørrelsen, med unntak for Tønsberg og Nøtterøy som driv felles bibliotek. Dette biblioteket tener over 50 000 innbyggjarar, medan Tønsberg og Nøtterøy kommuner ligg i kategoriene 30-50 000 og 15-20 000 innbyggjarar.

Innbyggjartal og andre data er relaterte til Tønsberg/Nøtterøy bibliotek, og opptrer derfor i kategorien 50-100 000 innbyggjarar.

<sup>2</sup> Med bibliotek meiner vi her eit folkebiblioteksystem med hovudbibliotek og filialar. Med unntak for Tønsberg og Nøtterøy, som driv felles bibliotekteneste, har kvar kommune eige bibliotek

<sup>3</sup> Medrekna hovudbibliotek

<sup>4</sup> Tal på opningstimar pr. avdeling (hovudbiblioteket medrekna) og del av avdelingane som holdt åpent på laurdagar. I tillegg holdt hovudbiblioteka i Trondheim, Stavanger, Stjørdal, to avdelingar i Oslo og ei avdeling i Stranda ope på søndagar.

Storleik på verkeområdet	Økonomi											
	Løn pr. innb.	Bøker, tids., aviser pr. innb.	AV-medium pr. innb. <sup>1</sup>	Medium 2001 pr. innb. <sup>2</sup>	Medium 2002 pr. innb.	Drift mobile einingar pr. innb.	Data-tenester pr. innb.	Husleige pr. innb. <sup>3</sup>	Andre utgifter pr. innb.	Løn + medium pr. innb.	Drift totalt 2001 pr. innb. <sup>1</sup>	Drift totalt 2002 pr. innb.
> 100 000 innb.	150,65	20,64	3,16	25,33	23,81	0,09	5,40	42,75	26,93	174,46	247,27	249,62
50-100 000 innb.	149,94	23,87	1,90	27,16	25,77	0,59	8,53	22,30	27,75	175,71	231,58	234,88
30-50 000 innb.	141,55	26,06	2,79	28,58	28,85	0,19	4,95	9,94	18,60	170,40	208,02	204,08
20-30 000 innb.	135,84	24,15	1,68	27,19	25,83	2,60	5,17	26,45	19,31	161,67	207,17	215,20
15-20 000 innb.	113,96	24,07	2,30	26,97	26,37	1,18	7,14	16,87	12,83	140,33	187,90	178,35
10-15 000 innb.	128,75	28,10	1,74	30,24	29,83	1,41	7,00	19,32	16,29	158,58	198,41	202,61
7 500-10 000 innb.	139,22	30,99	2,17	32,93	33,16	2,12	7,19	14,62	17,89	172,38	211,89	214,20
5-7 500 innb.	131,88	31,43	2,28	33,62	33,71	2,85	8,15	22,17	17,75	165,59	210,24	216,51
3-5 000 innb.	137,39	37,67	2,75	40,65	40,42	5,03	8,98	14,23	25,63	177,81	222,84	231,69
2-3 000 innb.	155,44	41,22	3,16	45,24	44,38	9,03	10,87	23,69	28,59	199,81	248,77	272,00
1-2 000 innb.	181,95	51,31	3,08	52,63	54,39	5,55	12,07	18,78	31,41	236,33	289,60	304,14
<1 000 innb.	325,36	98,51	8,27	107,43	106,78	9,57	27,99	61,27	62,81	432,13	589,47	593,77
<b>Noreg</b>	<b>141,43</b>	<b>27,41</b>	<b>2,50</b>	<b>30,61</b>	<b>29,91</b>	<b>1,80</b>	<b>6,89</b>	<b>24,63</b>	<b>22,02</b>	<b>171,34</b>	<b>223,28</b>	<b>226,69</b>

\* Inkl. Svalbard

<sup>1</sup> 215 bibliotek har levert data, dei resterande har ført utgifter til AV-medium i kategorien bøker, aviser, tidsskrift.

<sup>2</sup> 2002-kroner. For Gjøvik er rekneskapstal for 2000 nytta.

<sup>3</sup> 212 bibliotek har levert tal for husleige.

**Tabell 1. Folkebibliotek 2002 – landsstatistikk etter kommunestørrelse**

Storleik på verkeområdet	Barnebøker						Bøker for vaksne					
	Tilvekst fag pr. 100 barn <sup>2</sup>	Tilvekst skjønn pr. 100 barn <sup>2</sup>	Tilvekst totalt pr. 100 barn <sup>2</sup>	Bestand fag pr. 100 barn <sup>1</sup>	Bestand skjønn pr. 100 barn <sup>1</sup>	Bestand totalt pr. 100 barn <sup>1</sup>	Tilvekst fag pr. 100 vaksne <sup>2</sup>	Tilvekst skjønn pr. 100 vaksne <sup>2</sup>	Tilvekst totalt pr. 100 vaksne <sup>2</sup>	Bestand fag pr. 100 vaksne <sup>2</sup>	Bestand skjønn pr. 100 vaksne <sup>2</sup>	Bestand totalt pr. 100 vaksne <sup>2</sup>
> 100 000 innb.	5,9	16,7	22,6	119,2	346,3	465,5	5,7	4,9	10,6	138,5	87,1	225,6
50-100 000 innb.	6,9	19,6	26,6	105,4	338,2	443,6	5,9	5,2	11,1	167,5	131,6	299,1
30-50 000 innb.	7,2	20,8	28,0	115,1	326,7	441,9	6,1	5,8	11,9	169,2	141,2	310,4
20-30 000 innb.	7,3	20,7	28,0	138,3	441,7	580,0	7,1	6,2	13,4	198,2	160,8	359,0
15-20 000 innb.	7,2	18,7	25,9	107,6	348,2	455,8	5,8	6,2	12,0	168,3	170,6	338,9
10-15 000 innb.	9,1	26,4	35,5	149,7	499,7	649,4	6,9	9,9	16,8	176,4	203,4	379,8
7 500-10 000 innb.	8,4	26,4	34,8	136,4	567,1	703,5	6,0	9,1	15,1	225,9	281,3	507,2
5-7 500 innb.	9,7	31,8	41,4	167,7	691,3	859,0	7,1	12,0	19,2	243,8	338,3	582,2
3-5 000 innb.	13,6	45,3	58,9	196,2	926,9	1 123,1	8,3	16,5	24,8	232,2	429,9	662,2
2-3 000 innb.	18,3	57,5	75,8	240,9	1 298,4	1 539,3	9,4	23,0	32,4	278,1	596,8	875,0
1-2 000 innb.	16,0	65,4	81,4	303,1	1 625,1	1 928,2	9,8	27,7	37,5	346,7	797,1	1 143,8
<1 000 innb.	38,7	151,4	190,1	595,0	2 747,9	3 342,9	28,6	64,2	92,8	465,8	1 056,7	1 522,5
<b>Noreg</b>	<b>8,5</b>	<b>26,0</b>	<b>34,5</b>	<b>142,8</b>	<b>525,6</b>	<b>668,4</b>	<b>6,5</b>	<b>8,8</b>	<b>15,5</b>	<b>188,4</b>	<b>218,1</b>	<b>406,5</b>

\*Inkl. Svalbard

<sup>1</sup> 2002-kroner. For Gjøvik er rekneskapstal for 2000 nytta.

<sup>2</sup> t.o.m. 14 år (tidlegare år har aldersgruppa t.o.m. 12 år vore rekna som barn)

<sup>3</sup> f.o.m. 15 år (tidlegare år har aldersgruppa f.o.m. 13 år vore rekna som vaksen)

Storleik på verkeområdet	Bøker		Musikk		Lydbøker		Video/DVD		Totalt alle medium	
	Tilvekst pr. 100 innb.	Bestand pr. 100 innb.	Tilvekst pr. 100 innb.	Bestand pr. 100 innb.	Tilvekst pr. 100 innb.	Bestand pr. 100 innb.	Tilvekst pr. 100 innb.	Bestand pr. 100 innb.	Tilvekst pr. 100 innb.	Bestand pr. 100 innb.
> 100 000 innb.	12,8	270,6	1,1	8,8	0,5	4,7	0,6	3,2	16,5	303,0
50-100 000 innb.	14,2	328,5	0,8	9,3	0,7	6,1	0,8	3,8	17,1	358,6
30-50 000 innb.	15,2	337,0	0,8	5,8	0,8	6,5	1,2	5,2	18,7	362,4
20-30 000 innb.	16,3	402,9	0,5	6,7	0,8	7,4	0,7	4,4	19,6	437,6
15-20 000 innb.	15,0	364,1	1,0	6,2	0,9	6,6	1,0	5,2	18,0	387,3
10-15 000 innb.	20,8	437,2	0,9	6,2	0,9	6,6	0,9	5,3	23,9	462,6
7 500-10 000 innb.	19,2	548,5	0,5	8,9	1,0	8,6	1,0	6,6	22,3	590,4
5-7 500 innb.	23,7	638,3	0,9	6,9	1,0	9,8	0,9	7,5	28,0	675,5
3-5 000 innb.	31,7	755,2	1,0	9,3	1,3	9,5	1,9	11,2	36,1	790,2
2-3 000 innb.	40,8	1 003,3	1,1	9,1	1,6	12,8	1,8	12,1	45,5	1 046,2
1-2 000 innb.	46,0	1 295,0	1,4	10,4	1,7	13,1	2,3	18,2	51,8	1 345,5
<1 000 innb.	112,0	1 881,7	4,2	16,8	2,7	23,3	7,7	49,1	128,7	1 985,0
<b>Noreg</b>	<b>19,3</b>	<b>459,0</b>	<b>0,9</b>	<b>7,8</b>	<b>0,9</b>	<b>7,2</b>	<b>1,0</b>	<b>6,0</b>	<b>23,0</b>	<b>491,4</b>

\*Inkl. Svalbard



**Tabell 1. Folkebibliotek 2002 – landsstatistikk etter kommunestørrelse**

Storleik på verkeområdet	Utlån barnebøker			Utlån bøker for vaksne			Totalt bokutlån pr. innb.	Musikk Utlån pr. innb.	Lydbøker Utlån pr. innb.	Video/DVD Utlån pr. innb.	Totalt utlån		
	Fag pr. barn <sup>1</sup>	Skjønn pr. barn <sup>1</sup>	Totalt pr. barn <sup>1</sup>	Fag pr. voksen <sup>2</sup>	Skjønn pr. voksen <sup>2</sup>	Totalt pr. voksen <sup>2</sup>					Utlån pr. innb.	Endring frå 2001	Utlån pr. årsverk
> 100 000 innb.	1,57	6,22	7,78	1,60	1,54	3,15	4,02	0,55	0,31	0,56	5,63	3,31 %	12 835
50-100 000 innb.	1,62	7,30	8,92	1,79	1,70	3,50	4,60	0,33	0,38	0,64	6,13	-1,02 %	14 660
30-50 000 innb.	1,57	6,33	7,89	1,58	1,71	3,29	4,22	0,25	0,36	0,77	5,72	2,93 %	13 820
20-30 000 innb.	1,60	6,72	8,31	1,49	1,55	3,04	4,08	0,13	0,34	0,55	5,33	-1,06 %	13 485
15-20 000 innb.	1,24	5,42	6,66	1,10	1,29	2,40	3,32	0,11	0,30	0,67	4,51	1,17 %	13 631
10-15 000 innb.	1,49	6,46	7,95	1,14	1,51	2,65	3,78	0,09	0,28	0,60	4,88	3,70 %	13 317
7 500-10 000 innb.	1,26	5,90	7,17	1,22	1,55	2,77	3,69	0,10	0,28	0,68	4,88	3,62 %	12 313
5-7 500 innb.	1,52	6,80	8,32	1,13	1,51	2,64	3,80	0,07	0,25	0,59	4,79	-1,18 %	12 223
3-5 000 innb.	1,54	6,82	8,36	0,95	1,64	2,60	3,76	0,07	0,23	0,79	4,95	2,04 %	11 330
2-3 000 innb.	1,88	7,17	9,05	0,92	1,70	2,62	3,86	0,06	0,22	0,76	5,00	3,27 %	9 600
1-2 000 innb.	1,56	7,43	8,99	0,90	1,80	2,70	3,91	0,06	0,20	0,90	5,16	-1,71 %	9 125
<1 000 innb.	2,36	11,57	13,93	1,33	2,51	3,84	5,83	0,12	0,28	1,61	7,95	-0,70 %	7 409
<b>Noreg</b>	<b>1,53</b>	<b>6,49</b>	<b>8,02</b>	<b>1,37</b>	<b>1,58</b>	<b>2,95</b>	<b>3,96</b>	<b>0,24</b>	<b>0,30</b>	<b>0,65</b>	<b>5,30</b>	<b>1,76 %</b>	<b>12 748</b>

\*Inkl. Svalbard

<sup>1</sup> t.o.m. 14 år (tidlegare år har aldersgruppa t.o.m. 12 år vore rekna som barn)

<sup>2</sup> f.o.m. 15 år (tidlegare år har aldersgruppa f.o.m. 13 år vore rekna som vaksen)

Storleik på verkeområdet	Besøk pr. innb.	Innlån pr. 1 000 innb.	IT					
			Katalog tilgjengeleg på Internett <sup>1</sup>	Tal på datamaskiner for personalet (pr. ansatt)		Tal på datamaskiner for publikum (pr. avd)		Tilgang til Internett for publikum <sup>2</sup>
				Internett	Eigen katalog	Internett	Eigen katalog	
> 100 000 innb.	6,4	11,8	100 %	0,8	1,0	4,2	3,8	100 %
50-100 000 innb.	5,7	26,5	100 %	1,0	1,0	3,9	3,4	100 %
30-50 000 innb.	5,3	42,2	100 %	1,1	1,0	2,2	1,7	100 %
20-30 000 innb.	5,5	55,1	84 %	1,2	1,2	2,8	2,6	100 %
15-20 000 innb.	4,3	48,7	89 %	1,1	1,2	2,3	2,3	100 %
10-15 000 innb.	4,5	79,2	53 %	0,9	1,0	1,6	1,2	100 %
7 500-10 000 innb.	4,3	95,0	47 %	1,0	1,0	1,7	1,2	100 %
5-7 500 innb.	3,8	96,8	44 %	0,9	0,9	1,3	0,8	98 %
3-5 000 innb.	3,9	116,4	33 %	0,9	0,8	1,4	0,8	100 %
2-3 000 innb.	3,1	164,2	38 %	0,9	0,7	1,4	0,8	97 %
1-2 000 innb.	3,5	183,4	28 %	0,9	0,7	1,3	0,5	95 %
<1 000 innb.	6,0	185,8	30 %	1,2	0,9	1,9	0,9	100 %
<b>Noreg</b>	<b>5,1</b>	<b>60,4</b>	<b>45 %</b>	<b>1,0</b>	<b>1,0</b>	<b>1,8</b>	<b>1,2</b>	<b>98 %</b>

\* Inkl. Svalbard

<sup>1</sup> Del av biblioteka som har bibliotekatalogen tilgjengeleg på Internett.

<sup>2</sup> Del av biblioteka der minst ei av avdelinga har pear til bruk for publikum med tilgang til Internett.

**Tabell 2. Folkebibliotek 2002 – landsstatistikk etter fylke (Rekneskap og budsjett i 1 000 kr)**

Fylke	Innbyggjartal	Tal på barn t.o.m. 14 år	Tal på hovudbibliotek	Tal på avd. <sup>1</sup>	Fag-utdanna bibl. sjef	Rekneskap 2002						
						Løn	Bøker, aviser, tidsskrift	AV-medium <sup>2</sup>	Medium totalt	Data-tenester	Husleige <sup>3</sup>	Totalt driftsrekneskap
Østfold	252 746	48 033	18	30	15	34 806	6 667	501	7 168	2 123	5 656	55 738
Akershus	477 325	103 111	22	49	21	73 458	13 218	497	13 715	3 650	17 569	115 813
Oslo	512 589	85 969	1	20	1	78 888	7 686	617	8 303	2 080	13 131	116 064
Hedmark	187 965	34 224	22	45	18	27 048	5 476	273	5 750	1 443	885	38 491
Oppland	183 235	33 698	26	54	19	24 068	5 605	420	6 025	1 792	4 807	40 945
Buskerud	239 793	46 114	21	52	17	32 374	6 272	334	6 606	1 530	2 640	47 074
Vestfold	216 456	42 580	13	21	13	33 945	6 820	532	7 352	1 753	1 265	49 955
Telemark	165 710	31 482	18	41	14	26 966	4 929	354	5 283	1 254	1 992	38 553
Aust-Agder	102 945	20 769	15	27	9	15 854	2 830	186	3 015	978	609	23 078
Vest-Agder	157 851	33 952	15	36	9	22 100	4 407	462	4 868	1 216	5 794	39 329
Rogaland	381 375	86 402	27	59	14	53 886	12 605	1 609	14 214	2 035	8 061	89 221
Hordaland	438 253	92 453	33	83	22	57 530	12 947	1 869	14 816	3 239	8 670	95 700
Sogn og Fjordane	107 280	22 573	26	70	13	16 889	3 958	375	4 333	1 040	4 287	29 394
Møre og Romsdal	243 855	49 587	38	93	23	29 223	6 684	413	7 098	1 020	3 939	45 539
Sør-Trøndelag	266 323	53 978	25	62	10	31 018	6 317	979	7 296	1 415	15 534	59 914
Nord-Trøndelag	127 457	26 464	24	37	12	15 763	3 393	689	4 082	733	4 105	28 078
Nordland	237 503	47 959	45	85	19	31 913	7 263	708	7 972	1 813	4 650	54 200
Troms	151 673	31 220	25	47	17	19 060	3 870	301	4 171	1 317	3 933	31 717
Finnmark	73 732	15 732	19	39	10	14 472	2 916	212	3 128	745	3 539	25 514
Svalbard			1	1	1	573	134		134	17	358	1 229
<b>Utan Oslo</b>	<b>4 011 477</b>	<b>820 331</b>	<b>433</b>	<b>931</b>	<b>276</b>	<b>560 946</b>	<b>116 311</b>	<b>10 715</b>	<b>127 026</b>	<b>29 113</b>	<b>98 294</b>	<b>909 483</b>
<b>Noreg</b>	<b>4 524 066</b>	<b>906 300</b>	<b>434</b>	<b>951</b>	<b>277</b>	<b>639 833</b>	<b>123 998</b>	<b>11 332</b>	<b>135 330</b>	<b>31 192</b>	<b>111 425</b>	<b>1 025 547</b>

<sup>1</sup> Inkludert hovudbibliotek

<sup>2</sup> 215 bibliotek har levert data, dei resterande har inkludert utgifter til AV-medium i kategorien bøker, aviser, tidsskrifter.

<sup>3</sup> 212 bibliotek har levert tal for husleige.

Fylke	Budsjett 2003							Medieløyving pr. innbyggjar			Driftsutgifter pr. innbyggjar 2002
	Løn	Bøker, aviser, tidsskrift	AV-medium <sup>1</sup>	Medium totalt	Data-tenester	Husleige <sup>2</sup>	Totalt driftsbudsjett	Rekneskap 2002	Endring frå 2001 <sup>3</sup>	Budsjett 2003	
Østfold	33 696	6 052	368	6 420	1 695	5 139	50 969	28,36	-7,5 %	25,40	220,53
Akershus	70 821	13 212	414	13 626	3 812	17 609	113 987	28,73	-2,6 %	28,55	242,63
Oslo	78 818	7 544	650	8 194	1 968	13 800	114 149	16,20	-17,5 %	15,99	226,43
Hedmark	24 886	5 477	195	5 671	1 498	536	35 688	30,59	-2,6 %	30,17	204,78
Oppland	23 229	5 657	463	6 120	1 635	4 849	40 898	32,88	-3,1%	33,40	223,46
Buskerud	32 841	6 308	351	6 659	1 693	2 576	47 012	27,55	-11,2 %	27,77	196,31
Vestfold	36 174	6 398	336	6 734	1 464	900	50 947	33,96	-2,3 %	31,11	230,79
Telemark	26 666	4 495	243	4 738	1 147	1 918	37 740	31,88	-1,2 %	28,59	232,66
Aust-Agder	15 100	2 766	180	2 946	931	238	21 828	29,29	1,0 %	28,61	224,17
Vest-Agder	22 348	4 260	377	4 637	1 138	5 985	39 819	30,84	2,1 %	29,38	249,16
Rogaland	53 830	11 595	1 575	13 170	1 854	8 199	88 418	37,27	-3,2 %	34,53	233,95
Hordaland	59 506	12 277	1 788	14 065	3 121	9 232	97 191	33,81	6,9 %	32,09	218,37
Sogn og Fjordane	16 288	3 844	324	4 168	878	4 269	28 549	40,39	-4,7 %	38,85	273,99
Møre og Romsdal	29 052	6 315	376	6 691	800	4 127	45 303	29,11	3,4 %	27,44	186,74
Sør-Trøndelag	29 988	7 002	148	7 150	1 446	15 621	59 294	27,40	3,3 %	26,85	224,97
Nord-Trøndelag	15 576	3 323	621	3 944	640	4 530	28 089	32,02	3,9 %	30,94	220,29
Nordland	31 873	6 850	806	7 656	1 804	4 948	53 637	33,56	2,2 %	32,23	228,21
Troms	18 363	3 631	236	3 867	996	3 936	30 000	27,50	-5,6 %	25,50	209,11
Finnmark	14 754	2 642	192	2 834	670	3 552	25 640	42,43	1,7 %	38,43	346,03
Svalbard	620	152		152	21	368	1 401				
<b>Utan Oslo</b>	<b>555 610</b>	<b>112 256</b>	<b>8 991</b>	<b>121 247</b>	<b>27 242</b>	<b>98 532</b>	<b>896 411</b>	<b>31,67</b>	<b>-1,1 %</b>	<b>30,22</b>	<b>226,72</b>
<b>Noreg</b>	<b>634 428</b>	<b>119 800</b>	<b>9 641</b>	<b>129 441</b>	<b>29 210</b>	<b>112 332</b>	<b>1 010 560</b>	<b>29,91</b>	<b>-2,3 %</b>	<b>28,61</b>	<b>226,69</b>

<sup>1</sup> 207 bibliotek har levert data, dei resterande har AV-medium i kategorien bøker, aviser, tidsskrift.

<sup>2</sup> 198 bibliotek har levert tal for husleige.

<sup>3</sup> 2001-rekneskapen er indeksregulert for samanlikninga. For Gjøvik er rekneskapstal for 2000 nytta.

**Tabell 2. Folkebibliotek 2002 – landsstatistikk etter fylke**

Fylke	Personale					Bøker for barn						
	Personar heiltid	Personar deltid	Totalt i årsverk	Årsverk pr. 1000 innb.	Del publikumstid <sup>1</sup>	Tilvekst fag	Tilvekst skjønn	Total tilvekst	Avgang	Bestand fag	Bestand skjønn	Total bestand
Østfold	60	79	103	0,41	48,7 %	3 539	9 393	12 932	8 628	62 694	191 616	254 310
Akershus	140	120	200	0,42	44,1 %	7 538	20 002	27 540	25 729	104 828	335 952	440 780
Oslo	205	101	244	0,48	0,0 %	5 356	17 441	22 797	13 154	119 335	357 683	477 018
Hedmark	41	80	76	0,41	51,4 %	3 260	9 478	12 738	7 699	57 324	212 216	269 540
Oppland	37	72	70	0,38	48,7 %	3 505	11 631	15 136	7 932	69 884	272 620	342 504
Buskerud	57	68	94	0,39	47,1 %	5 104	13 380	18 484	12 240	60 011	228 140	288 151
Vestfold	71	52	100	0,46	37,0 %	3 527	10 293	13 820	14 746	50 630	165 998	216 628
Telemark	49	73	78	0,47	50,3 %	3 196	10 992	14 188	4 020	51 020	187 339	238 359
